



Ard arealplan  
Nygårdsgaten 114  
5008 BERGEN

## **Uttale til oppstartsmelding for områderegulering for Dalstø – Mjåtveitstø gnr. 18 bnr. 1 mfl. i Meland kommune**

Vi viser til brev datert 16.10.17 med melding om oppstart av områdeplan for Dalstø – Mjåtveitstø i Meland kommune.

Formålet med planarbeidet er å leggje til rette for ein variert busetnad med tilhøyrande infrastruktur, samt å etablere barnehage (gards- og friluftsbarnhage) og vurdere skuleføremål innanfor område. Det vert lagt opp til tilkomst både frå Dalstø og frå Mjåtveit.

Fylkesmannen legg til grunn at det vert gjort ei grundig vurdering av om planarbeidet er i samsvar med overordna plan.

Vi registrerer at planen er vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing. Vi vil peike på at det uansett er viktig å belyse verknaden av planen på ei grundig måte. På noverande tidspunkt ser vi at det vil vere særleg aktuelt å vurdere strandsoneverdiane, omsyn til barn og unge, vern av jordressursar og samordna bustad, areal og transportplanlegging.

Fylkesmannen minner om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd. Fylkesmannen ser ikkje at meldinga om oppstart er i strid med nasjonale føresetnader og forventningar til arealpolitikken.

Vi vil likevel komme med følgjande innspel til meldinga om oppstart:

### ROS-analyse

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. pbl. § 3-1 bokstav h. Pbl. § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK10) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Fylkesmannen legg til grunn

at akseptkriteria må vera minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

### Folkehelse

Det er ei forventning i folkehelselova om at kommunane skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid for å fremme helse i befolkninga og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidingar. Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl. § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmande gjennom å fremme faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4. Det skal såleis gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging.

Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. pbl. § 3-1 bokstav e og regional plan for folkehelse 2014-2025.

### Busetjing av flyktningar

Fylkesmannen rettar særleg merksemd i plansamanheng på bustad, integrering og mangfald, og oppfordrar kommunane til å busette fleire flyktningar. Kommunane i Hordaland skal busette flyktningar i samsvar med dei nasjonale måla for rask busetting. Planarbeidet i kommunane er ein av reiskapane for å få til god busetting av flyktningar over tid. Vi ber difor kommunen om å vurdere om denne planen er eigna for å få busett flyktningar.

Det er også understreka i dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging at kommunane må legge til rette for tilstrekkeleg og variert bustadbygging tilpassa ulike grupper sine behov. Vi minner om at Husbanken gjev tilskot til kommunane til ulike føremål og målgrupper.

### Naturmangfald

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

### Medverknad

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl. § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.

På nettsida [www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no) kan ein hente nyttige tips til planlegging.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Fylkesmannen gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønsker lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Kjell Kvingedal  
avdelingsdirektør

Hege Brekke Hellesø  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Meland kommune Postboks 79 5906 Frekhaug

Ard Arealplan AS

7 etasje Nygårdsgaten 114

5008 BERGEN

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region  
Vest

Sakshandsamar: Kari Morvik

Telefon: 90734161

Vår referanse: 17/16936

Dykkar Ard17018

referanse:

Dato: 08.11.2017

## **Uttale til Meland kommune Hordaland - Varsel om oppstart av områdereguleringsplan**

Vi viser til oversending datert med varsel om oppstart av områdereguleringsplan for Dalsbø – Mjåtveitstø gnr./bnr. 18/1, 19/67, 22/254, 22/255 m.fl. i Meland kommune.

### **Merknader**

Vi har ikkje merknadar til varsel om oppstart og ber om å få planen på høyring når den er klar til offentleg ettersyn.

### **Rolle, ansvar og medverknad**

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga.

I saker som får følgje for desse næringane, er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet.

Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

### **Føremål og planstatus**

Målet for reguleringsarbeidet er å leggje til rette for busetnad med tilhøyrande infrastruktur, etablere barnehage og vurdere skuleføremål.

Planområdet omfattar areal i sjø mot Herdlefjorden. Området på land er avsett til framtidig busetnad i kommuneplanen sin arealdel. Området mot sjø er sett av til grøntstruktur. Det ligg ikkje føre plan om tiltak i sjø.

### **Fiskeridirektoratet si kartløyving**

Data om registrerte kystnære fiskeområde, løyve til å drive akvakultur og registrert marint biologisk mangfald finnast i kartløyvinga på Fiskeridirektoratet si heimeside [www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no) . Kartløyvinga er open for alle og data om kystnære fiskeområde og godkjende akvakulturlokalitetar kan lastast ned til SOSI- og SHAPE-format.

Vi har ingen registrerte fiskeriinteresser i planområdet eller nærliggande område som vil være i vesentleg konflikt med reguleringsføremålet i planen.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Kari Morvik  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift*

**Mottakarliste:**

Ard Arealplan AS

7 etasje

5008

BERGEN

Nygårdsgaten 114



## Statens vegvesen

Ard Arealplan  
Nygårdsgaten 114  
5008 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
17/182393-2

Dykkar referanse:  
Ard17018

Vår dato:  
30.11.2017

### **Merknad til oppstart av områderegulering for Dalstø – Mjåtveitstø gnr. 18 bnr. 1 – gnr. 19 bnr. 67 – gnr. 22 bnr. 254 – gnr. 22 bnr. 255 m. fl. – Meland kommune**

Vi viser til motteke varsel om oppstart av planarbeid for områderegulering Dalstø – Mjåtveitstø i Meland kommune. Frist for merknader er sett til 05.12.2017.

#### **Områdeplanen sitt føremål**

Mål for reguleringsarbeidet er å leggje til rette for ein variert busetnad med tilhøyrande infrastruktur, samt å etablere barnehage. Det skal òg vurderast skuleføremål innanfor området. Det er tenkt tilkomst til planområdet frå både Dalstø og Mjåtveit.

Planområdet dekker eit areal på 752 daa, og omfattar felt B\_9 og delar av felt B\_8 i kommuneplanen sin arealdel. Felt B\_8 og B\_9 er sett av til areal for framtidig busetnad med høg utnytting. Mot sjø er arealet sett av til grønstruktur/LNF med omsynssoner for kulturmiljø/kulturminne og friluftsliv.

I oppstartsvarselet går det ikkje fram kor mange einingar planen skal legge til rette for.

#### **Statens vegvesen si rolle**

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

### **Innspel til planarbeidet**

Statens vegvesen bed generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessar:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til riksveg/fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Byggegrenser til fylkesveg
- Vegtrafikkstøy

I planarbeidet må ein gjere greie for om utbygging i planområdet byggjer opp om nullvekstmålet i personbiltrafikken i storbyområdet. Basert på dette må ein vurdere grad av utnytting og tilrettelegging av infrastruktur for meir miljøvenleg transport.

Planlegging av tiltak knytt til fylkesveganlegget, slik som til dømes kryss, avkøyrslar og vegstrekningar, må skje i samråd med Statens vegvesen og i tråd med handbok N100. Det må dokumenterast at dei planlagde vegtiltaka kan byggast i samsvar med vegnormalene og at det er avsett tilstrekkeleg areal til dei i reguleringsplanen. Der planen viser endring i fylkesveganlegget må det settast av areal til mellombels anleggsbelte, for å sikre at vegtiltaka kan gjennomførast.

Statens vegvesen ber om at fylkesvegssystemet vert detaljert i ein slik grad at det ikkje er trong for seinare detaljregulering. I planarbeidet må det utarbeidast tekniske teikningar i samsvar med Statens vegvesens handbok R700 *Tegningsgrunnlag*. Vi ynskjer å få teknisk plan til gjennomsyn før reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn. På den måten kan vi kome til semje om riktige vegløyningar før offentleg ettersyn. Vi minner òg om at eventuelle fråvik frå vegnormalane må vere godkjent før planen kan vedtakast.

### Tilkomst til planområdet

Den varsla grensa for planarbeidet tek med 2 moglege tilkomststar, Mjåtveitmarka i aust og Dalstøvegen i vest. Mjåtveitmarka er privat veg, medan Dalstøvegen er kommunal.

Kryss med Dalstøvegen vart utbetra i 2011, og har venstresvingefelt for trafikk frå Frekhaug. I kryss med Mjåtveitmarka vart det gjort mindre utbetringar i 2014, men krysset er ikkje kanalisert. Statens vegvesen vurderer at det vil vere naudsynt med kanalisering dersom trafikken inn og ut av krysset aukar utover det som ligg inne i gjeldande reguleringsplaner.



### Krav om rekkefølge

Statens vegvesen ber om at ein i føresegna setter krav om rekkefølge, slik at kryssutbetring og andre tiltak ved fylkesvegen skal vere ferdigbygd før ein starter utbygging av området.

I føresegnene bør ein òg innarbeide krav om at ein byggeplan for tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal vere godkjend av Statens vegvesen før det kan gjevast igangsettingsløyve til slike tiltak. Det må òg vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar.

### Skule og barnehage

I planarbeidet skal ein vurdere eigna areal til barnehage og skuleføremål. Skule og barnehage bør ligge i områder som er skjerma frå framandtrafikk. Statens vegvesen oppmodar til at ein legg vekt på løysingar som gir trygge og attraktive gang- og sykkeltilbod for borna.

Vidare ber vi om at ein legg til rette for god framkomst for gåande og syklande frå bustadområda til fylkesvegen. Dette vil byggje opp under tilbodet for mjuke trafikantar og kollektivreisande.

### Byggegrense langs fylkesvegen

Fylkesveg 564 har haldningsklasse 2 i *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesveggar i Region vest*. Byggegrensa på slike strekningar skal normalt settast til 50 meter frå vegmidte. Etter ei konkret vurdering av tilhøva på strekningen, ber vi om at byggjegrensa vert sett til 30 meter frå vegmidte

Statens vegvesen Region vest  
Plan og forvaltning  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

**Fra:** [post](#)  
**Til:** [Aslaug Sæther](#)  
**Emne:** VS: Generelt svar til varsel om oppstart av arbeid med områdereguleringsplan for Dalstø - Mjåtveitstø - GBnr 18/1 mfl - Meland kommune  
**Dato:** 11. desember 2017 13:01:21

---

Mvh  
Kari Johannesen  
Dagleg leiar/ Planleggar

**Ard arealplan as**  
Nygårdsgaten 114 · 5008 Bergen  
Tlf: 55 31 95 00 · Mob: 958 32 614

[www.ardarealplan.no](http://www.ardarealplan.no)  
[www.facebook.com/ArdArealplan/](https://www.facebook.com/ArdArealplan/)

---

**Fra:** Otnes Toralf [mailto:toot@nve.no]  
**Sendt:** 11. desember 2017 12:53  
**Til:** post <post@ardarealplan.no>  
**Kopi:** Meland kommune <postmottak@meland.kommune.no>  
**Emne:** Generelt svar til varsel om oppstart av arbeid med områdereguleringsplan for Dalstø - Mjåtveitstø - GBnr 18/1 mfl - Meland kommune

Syner til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid. NVE gir her generelle råd til planarbeidet.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde innanfor saksområda flaum- og skredfare, ålmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiar og verktøy:

- [NVE sine karttenester](#) syner oppdatert informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg innanfor det aktuelle planområdet.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE si sjekkliste for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy finnast på [www.nve.no/arealplan](http://www.nve.no/arealplan).

NVE vil av kapasitetsomsyn prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplaner der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](#).

Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumenta må det være skildra kva vurderingar som er gjort, og gå tydeleg fram korleis omsyna er innarbeidd i planen. **Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt og at det går tydeleg fram av høringsbrevet kva en ynskjer bistand til i den enskilde saka.** Vi ber om at alle plandokument sendast elektronisk til

[rv@nve.no](mailto:rv@nve.no).

***Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.***

Med helsing

**Toralf Otnes**

Senioringeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Region vest

**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)**

Telefon: 22 95 95 27/95 87 50 35

E-post: [toot@nve.no](mailto:toot@nve.no)

Web: [www.nve.no](http://www.nve.no)



ARD AREALPLAN AS  
7 etasje Nygårdsgaten 114  
5008 BERGEN

Dato: 20.12.2017  
Vår ref.: 2017/16388-6  
Saksbehandlar: eliwarr  
Dykkar ref.:

## **Dalstø-Mjåtveitstø områderegulering, gnr 18 Meland kommune - oversending av kostnadsoverslag for arkeologisk registrering**

Vi viser til brev datert 18.10.2017 med varsel om oppstart av områderegulering for Dalstø-Mjåtveitstø gnr. 18 i Meland kommune.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teken omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland Fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak.

Området rundt Mjåtveitstø er vist som omsynssone for kulturmiljø (H570) i kommuneplanen. Dette må følges opp i områdeplanen og konsekvensen utbygging vil ha på kulturmiljø bør utgreiast og avbøtande tiltak drøftast.

Den 07.11.2017 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i planområdet. Innafor planlagt utbyggingsområde er det fleire intakte og samanhengande steingardar, gamle vegfar og andre utmarksminne. Det er og tilrettelagt turstiar opp til Furefjellet og langs kysten.

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. I planutgreiinga må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. I tillegg til bygningar/bygningsmiljø, er det her også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap.

Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller arkeologisk funn frå planområdet, men det er gjort slike funn på gardane Frekhaug, Mjåtveit, Sagstad og Fosse. Delar av planområdet har potensial for nye funn, og vi finn det naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om planen kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte freda kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Området ved Mjåtveitstø som er vist som grøntareal og omsynssone i kommuneplan har det største potensial for nye funn og vil vera fokus for våre registreringane.

Vi har ikkje heimel til å krevje registreringa gjennomført før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, men det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål kring kulturminneverdiar i planområdet på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar.

Arbeidsomfanget er rekna til 12 dagar i felt for to arkeologar, samt førarbeid, etterarbeid og skiving av rapport. Registreringa vil verte utført ved maskinell flateavdekking, prøvestikking med spade og overflatesøk. Ved maskinell flateavdekking fjernar gravemaskin matjordlaget i søkesjakter på om lag 2-3 m breidde. Lengda og djupne vil variere etter undergrunnstilhøve, mikrotopografi og praktiske høve. All jordmasse vil verte ført tilbake. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm store og vert lagt igjen når arbeidet er utført.

Kostnadsoverslag er lagt ved. Vi ber om skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysingar om fakturaadresse, ressursnummer, organisasjonsnummer og signatur til den som er ansvarleg betalar. Når kostnadsoverslaget er godkjend, vil vi ta kontakt for å få arbeidet utført så raskt som mogeleg. Feltarbeidet kan ikkje gjennomførast om vinteren dersom bakken er frosen. Vi gjer merksam på at tiltakshavar berre vert fakturert for medgått tid.

Planen må reviderast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde dersom det viser seg at planen kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Elizabeth Warren  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
FUREFJELLET AS  
MELAND KOMMUNE

Vedlegg

1 Kostnadsoverslag for arkeologisk registrering

# Budsjett arkeologisk registrering

HORDALAND FYLKESKOMMUNE - FYLKESKONSERVATOREN							
Saksnr.	2017/16388	Saksbeh.:	Elizabeth Warren				
Prosjektnr.				Dato:	10.11.2017		
Sted/ gård, kommune	Dalstø-Mjåtveitstø områdeplan, gnr. 18, Meland kommune						
Tiltakshaver	Furefjellet AS						
Adresse	Mjætveitmarka 79A, 5918 Frekhaug						
<b>LØNNSKOSTNADER</b>							
<b>timekostnader</b>	timer	à kr	direkte lønn	sos.utg.		sum	
				30 %			
Forarbeid	7,5	kr 278,23	kr 2 087	kr 626	kr	2 713	
<i>Delsum</i>	8		kr 2 087	kr 626	kr	2 713	
Feltarbeid	180	kr 278,23	kr 50 081	kr 15 024	kr	65 106	
<i>Delsum</i>	180		kr 50 081	kr 15 024	kr	65 106	
Etterarbeid	85	kr 278,23	kr 23 650	kr 7 095	kr	30 744	
<i>Delsum</i>	85		kr 23 650	kr 7 095	kr	30 744	
<b>Sum lønnskostnader</b>	273		kr 75 818	kr 22 745	<b>kr</b>	<b>98 563</b>	
<b>Indirekte kostnader</b>	60 % av timekostnader					<b>kr</b>	<b>59 138</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>							
	antall	à kr					
Kost	24	kr 140,00	kr 3 360				
Losji							
Reiseutlegg							
Leiebil el. tilsvarende	i 12 dager à 700 kr (inkl. drivstoff og bombengar)					kr	8 400
Sum reise, kost og losji							kr 11 760
Forbruksmateriell og utstyr	(10 %)					kr	15 770
<b>Sum driftskostnader</b>							<b>kr 27 530</b>
<b>KJØP AV TJENESTER</b>							
Gravemaskin	120 t à 1000 kr + 1 x flytting av gravemaskin à 5000 kr					kr	130 000
Annet teknisk utstyr							
<i>Delsum</i>							kr 130 000
Naturvitenskapliege analyser							
14C	6 x 14C-prøver à 4500 kr					kr	27 000
annet							
<i>Delsum naturvitenskap</i>							kr 27 000
Andre konsulenttjenster	Gravemelding					kr	1 200
<b>Sum kjøp av tjenester</b>							<b>kr 158 200</b>
Håndtering av funn, prøver og dokumentasjonsmateriale (inntil 10 % av lønnskostnader)							
Universitetsmuseet i Bergen	5 %					kr	4 928
<b>SUM BUDSJETT (maksimum)</b>							<b>kr 348 359</b>

**Fra:** [post](#)  
**Til:** [Aslaug Sæther](#)  
**Emne:** VS: Uttale frå Mattilsynet til oppstart av områderegulering Dalstø Mjåtveitstø i Meland kommune  
**Dato:** 23. november 2017 09:28:00

---

**Fra:** Internpost Bergen og omland [mailto:internpost.bergen@mattilsynet.no]  
**Sendt:** 23. november 2017 09:25  
**Til:** post <post@ardarealplan.no>  
**Emne:** Uttale frå Mattilsynet til oppstart av områderegulering Dalstø Mjåtveitstø i Meland kommune

**Sakstittel: Meland kommune - Områderegulering Dalstø Mjåtveitstø i Meland kommune**  
**Mattilsynet sitt Saksnr: 2017/221664 Dykkar ref: Ard17018**

**Uttale frå Mattilsynet til oppstart av områderegulering Dalstø Mjåtveitstø i Meland kommune**

Mattilsynet til brev med varsel om oppstart av områdereguleringsplan datert 16.10.17.

Planarbeidet for kommunaltekniske anlegg må sikra at det er nok og trygt drikkevatt til dette utbyggingsområdet.

Elles har Mattilsynet ingen merknader til oppstart av områdereguleringsplanen.

Med venleg helsing

Odd Tøsdal  
Mattilsynet, Seksjon mat Bergen og Omland

Telefon: 22 40 00 00  
Felles postadresse: Mattilsynet, felles postmottak, postboks 383, 2381 Brumunddal  
[postmottak@mattilsynet.no](mailto:postmottak@mattilsynet.no)

[www.mattilsynet.no](http://www.mattilsynet.no) [www.matportalen.no](http://www.matportalen.no)



**KYSTVERKET**

Vest

ARD AREALPLAN AS  
7 etasje Nygårdsgaten 114  
5008 BERGEN

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
2017/4691-2

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:  
Lene Røkke Mathisen

Dato:  
08.12.2017

### **Fråsegn til oppstart av områderegulering Dalstø Mjåtveitstø - Meland kommune - Hordaland**

Syner til brev, datert 24.10.2017, vedkomne ovannemnte. Me ber samstundes om orsaking for noko sein tilbakemelding.

Føremålet med områdereguleringa er å leggje til rette for ein variert busetnad med tilhøyrande infrastruktur samt barnehage/skule. Reguleringsområdet dekkjer sjøareal, men det kjem ikkje fram av oppstartsmeldinga kva som vil planleggjast her.

Me kan ikkje sjå at planføremålet vil ha noko negativ innverknad på sjøverts ferdsle. Me ynskjer likevel å peike på at alle tiltak i sjø krev løyve etter hamne- og farvasslova, og me ber om at dette vert teke inn i føresegnene om det er aktuelt.

Med helsing

Lene Røkke Mathisen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

#### Region Kystverket Vest

Sentral postadresse: Kystverket  
Postboks 1502  
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)  
E-post: [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)


For besøksadresse se [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson





Ard arealplan  
Nygårdsgaten 114  
5008 BERGEN

Deres ref.:  
Vår ref.11930605

Dato: 08.12.2017

## Dalstø Mjåtveitstø Merknad Varsel om Oppstart av Områdereguleringsplan Meland kommune

Vi viser til varsel om oppstart av områdereguleringsplan datert 16.10.2017 i Meland kommune. Frist for innsending av merknader har gått ut, men velger likevel å sende inn merknad på eksisterende 22 kV kabler og nettstasjoner.

BKK Nett AS har etter energiloven områdekonsesjon i Meland kommune. Dette innebærer at vi etablerer og drifter strømmettet i kommunen (høyspent og lavspent fordelingsnett). I tillegg har BKK Nett anlegg som er etablert etter anleggskonsesjon innenfor kommunen.

### 1. Felles for elektriske anlegg

Vi har elektriske anlegg i det aktuelle planområdet som vist på vedlagte kart. Kartet kan brukes under følgende forutsetninger:

- Brukes kun som underlag for forespurt planarbeid
- Bør slettes etter bruk - husk at nettet endrer seg kontinuerlig
- Må ikke oversendes andre uten netteiers samtykke
- Må ikke anses som kabelpåvisning.

#### 1.1 Adkomst og terrengendringer

Det må ikke iverksettes tiltak som medfører forringelse av adkomst til våre anlegg. Det må heller ikke gjøres inngripen i terrenget som medfører endring av overdekningen over kabler eller oppfylling av terrenget som medfører redusert høyde opp til luftledningsanlegg.

#### 1.2 Inntegning på plankart

Vi gjør oppmerksom på at traseer for kabelanlegg i bakken ikke må inntegnes i plankartet. Vi viser i denne sammenheng til Forskrift om beredskap i kraftforsyningen § 6-2 og NVEs *Veiledning til forskrift om beredskap i kraftforsyningen*, pkt 6.2.5.

Arealer og eiendommer som brukes til, eller i fremtiden skal brukes til, transformatorstasjoner eller nettstasjoner, avsettes i planen til arealformål bebyggelse og anlegg, underformål «Andre typer bebyggelse og anlegg», energianlegg kode 1500, jf vedlegg I til kart- og planforskriften.

#### 1.3 Andre forhold

Den eller de som utløser tiltak i strømforsyningsnettet, både flytting, nyanlegg og forsterkning, må som hovedregel dekke kostnadene med tiltaket, inkludert eventuelle kostnader til erverv av nye rettigheter. Nye traséer må gis rettigheter med minst like gode vilkår som det BKK Nett har til de eksisterende traséene. Normalt er dette stedsevarige (evigvarende) bruksrettigheter.

